



Arkivnr: 2018/301-9
Saksbehandlar: Ingvar Skeie

Delegert saksframlegg

Fylkesrådmannen etter fullmakt

Refinansiering av sertifikatlån 350 mill. kr

Samandrag

Eit 12-månaders sertifikatlån på 350 mill. kr forfell den 26. oktober 2018. Fylkesrådmannen går inn for å refinansiere med eit 12 mnd. sertifikatlån, tilrettelagt av Danske Bank Markets. Renta fram til 25. oktober 2019 er 1,36 %.

Vedtak

Lån på 350 mill. kr vert refinansiert med eit 12-månaders sertifikatlån, tilrettelagt av Danske Bank Markets. Renta fram til 25. oktober 2019 er 1,36 %.

Ingrid Holm Svendsen
Kst. fylkesrådmann

Nils Egil Vetlesand
Kst. fylkesdirektør øk.- og org.

Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 18.10.2018

Eit 12-månaders sertifikatlån på 350 mill. kr forfell den 26. oktober 2018. Renta på lånet har vore 1,08 % siste året.

Fylkesrådmannen går inn for å fornye lånet med eit nytt sertifikatlån. Skilnaden i rente mellom eit 3-månaders lån og eit 12-månaders lån er for tida ca. 0,2 %. Med forventning om 2 rentehevingar det komande året, vil fylkesrådmannen gå inn for eit 12-månaders lån. Ein ser det som gunstig å ha nokre 12-månaders lån i porteføljen. Desse låna har lågare rente enn meir langsiktige lån, samstundes som renta ligg fast i 12 månader framover, noko som er nyttig for arbeidet med prognosar og budsjett.

Bergen Capital Management har gjennomført anbudsrunde, og har fått inn desse tilboda:

Danske Bank Markets	1,360 %
SEB Merchant Banking	1,370 %
DNB Markets	1,374 %
Kommunalbanken	1,429 %
Nordea Markets	1,430 %

Danske Bank Markets har det lågaste tilbodet med 1,36%. Fylkesrådmannen aksepterer tilbodet frå Danske Bank Markets.